



OPPLAND BONDELAG



Til

Rovviltnemnda i Oppland, region 3.

Krav til Rovviltnemnda i Oppland.

Oppland Bonde- og Småbrukarlag, Oppland Bondelag og Oppland Sau og Geit vil med dette krevja at Rovviltnemnda i Oppland snarast utvidar skadefellingskvota på bjørn i regionen. Bakgrunnen er at nemnda på førre møtet fastsette denne kvota til 4 dyr. Det vart i saksgangen opplyst at nemnda kunne utvida denne kvota dersom skadeomfanget vart omfattande.

Våren og starten av beitesesongen 2011 har fortona seg som eit endelaust mareritt grunna bjørn. Det har vorte gjeve fleire skadefellingsløyve, både av DN og nå i det siste av FM i Oppland. Som kjent har det òg vorte 2 vellykka skadefellingar. Det er mens dette brevet vert skrive sett i verk 2 skadefellingsløyve, 1 i Vang og 1 i Ringebu/Øyer. På same tid er det funne fleire dokumenterte/antatt skader av bjørn på baa sider av dalen i Sør-Fron og no sist på vestsida i Ringebu. Det verserar no sitat på at skadefellingsløyve ikkje vert gjeve fordi det ikkje vert funne mange nok kadaver eller at ikkje FM i Oppland har fleire løyve å gje ut. Dette må straks innskjerpast og gjerast noko med.

Beitenæringa i Oppland ser det som heilt håplaut at vi ikkje får skadefelling ved funn av ferske kadaver, og at skadefellingsløyva vert gjeve på alt for små område. I det praktiske liv har vi gong på gong bevist at eit kadaver = fleire kadaver, og at nettopp leiting etter fleire kadaver i denne fasa berre gjer ein ting: Bjørnen går over på andre område og jakt er nyttelaust. Det kan òg diskuterast om det er rett å avslå ein skadefellingssøknad på bjørn i Oppland før den reelle skadefellingskvota er fylt. Til saka høyrer òg med at hadde vi ikkje hatt bjørn i Oppland denne våren har vi hatt ein rimeleg god start på beitesesongen, og som kjent har vi ikkje noko bestandsmål av bjørn i denne regionen. Beitenæringa vil òg i ljøs av det såkalla rovviltforliket på Stortinget oppfordra Rovviltnemnda i Oppland til å få på plass eksakt kor mange streifdyr av bjørn vi skal tola. Dette kjem vi til å etterspørja seinare.

Beitenæringa kan ikkje leva med at bestanden av og skadane av bjørn i Oppland aukar grunna at Rovviltnemnda ikkje har vedteke stor nok skadefellingskvote, og krev at denne kvota straks vert auka frå 4 til 8 dyr.

Lillehammer/Sel/Sør-Fron 16/6 2011

Oppland Bonde- og Småbrukarlag

Terje Holen/sign

Oppland Bondelag

Trond Ellingsbø/sign

Oppland Sau og Geit

Pål Kjørstad/sign